



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

## **Referat frå styremøte i Surnadal IL**

Tid: Måndag 12. september 2016 kl. 19.00-21.00.

Neste møte: 24. oktober 2016.

Stad: Syltøran

Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad  
Vidar Ulvestad  
Arne Øie (for Anders Grimsmo)  
Ole Sæterbø  
Maja Sundeen  
Ane Forslund (for Stian Faksnes)  
Øystein Hjelle Bondhus

Forfall: Erling Fiske, Svein Dalen.

### **Sakliste:**

#### **Sak 22/16 Godkjenning av referat frå styremøtet 13. juni**

Referatet er godkjent.

Innspel:

- Vi må sjå på fordeling av kostnader vedr. Innkjøp av oppvaskmaskin i idrettshallen.

#### **Sak 23/16 Økonomisk rapport per 30.6.**

Styret tek rekneskapen til etterretning, med innkomne kommentarar:

- Handballgruppa meiner at det at hovudlaget held att 10 prosent av sponsoravtalar som gruppa har «ordna sjølv» er urettferdig.
- DL tek kontakt med sponsorar og avklarar at sponsoravtalane med Kvatro og Midt-Norsk Olje er meint å vere toårsavtalar – at 2016-17, som det står i avtalen, er meint å vere to kalenderår, ikkje ein sesong.

#### **Sak 24/16 Fordelingsnøkkel**

Vidar går gjennom fordelingsnøkkelsitt nye utkast til modell for ny fordelingsnøkkel.

Innspel til gruppene:



# Surnadal Idrettslag

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

Skal grasrotmidlane og fordelast etter dette forslaget, slik som kulturmidlar og LAM? Grasrotmidlane er ikkje øyremerka til barn og ungdom, slik som kulturmidlar og LAM.

Styret ønskjer å vedta ny fordelingsnøkkelen på styremøtet i oktober.

## **Sak 25/16 Ny ekstern revisor**

Tilbodet kom mandag 12.9. Styret ønskjer å få kartlagt det praktiske rundt momsregistrering før ein inngår ein avtale. Difor vert saka utsett til neste styremøte.

## **Sak 26/16 Mål og visjonar**

Arbeidsutvalet jobbar fram eit konkret forslag til mål og visjonar og tek med dette inn i styret.

## **Sak 27/16 Orienteringssaker**

- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv v/Øystein
- Status sponsor- og medlemsarbeid v/Øystein
- NIFs flyktningefond – ny sokarrunde v/Øystein

Orienteringssakene vart ikkje gjennomgått grunna tidsmangel.

## **Sak 28/16 Lønn Dagleg leiar**

Styreleiar fungerte som referent i samband med denne saka.

Saka vart behandla utan dagleg leiar til stades.

Styreleiar Ola Mogstad la fram forslag, med bakgrunn i gjennomført lønnssamtale 24. august. Erling Fiske og Ola Mogstad gjennomførte lønnssamtalen med Øystein.

Forslag til vedtak:

Dagleg leiar si månadslønn vert oppjustert frå kr 35.700 til kr 36.500. Justeringa gjeld frå og med mai 2016.

**Vedtak:** Dagleg leiar si månadslønn vert oppjustert frå kr 35.700 til kr 36.500. Justeringa gjeld frå og med mai 2016.